

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.00
Aurland	fjellstyret	Holo	2.12.09	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar	Per Dale, Anne Karin Buene, Olav Grønsberg, Bente Steine, Osvald Turlid.
Vara-medlemar	Erling Nesbø
Andre	Håkon Øydvin, Harald Skjerdal,

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år	25/09, 26/09, 27/09, 28/09, 29/09.
------------	------------------------------------

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.
--

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til	Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.
----------------------------	--

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 2.12.09

Stad: Holo

Sak 25/09. Referat og meldingar

Desse meldingssakene vart refererte:

- 1) Møtebok frå fjellstyremøtet den 10.11.
- 2) Styremøte i samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda fredag den 4.12.
- 3) Møte i Regionalt oppsynsutval (ROU) den 4.12.
- 4) Invitasjon til villreinmøte på Hardangervidda, Eidfjord den 5.12.
- 5) Aurland Naturverkstad 10 år - ope hus på Fjordsenteret den 4.12.
- 6) Notat frå NFS: Presisering av § 11, bil- og diettgodtgjersle
Merknad: Noverande satsar for diett skal gjelda ut 2009. Det skal forhandlast lokalt mellom fjellstyret og dei tilsette for å koma fram til ordning som skal gjelda frå 1.1.2010.
- 7) FM i Sogn og Fj: Møte i rådgevande utval for verdsarvområdet i Nærøyfjorden den 10.12.
- 8) Landbruks- og matdepartementet, rundskriv M-4/2009: Om forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningane
- 9) Møtegodtgjersle til fjellstyremedlemene for 2009
Merknad: Skjema for møtegodtgjersler vart utdelt, og medlemene bedne om å levera dette før jul.
- 10) Boka "Fjellauren" av Gunnar Lønne vart utdelt til medlemene.
- 11) SNO v/Kristoffer U. Hansen har inspisert leirplass på Kristenkamben i Aurland nordre statsallmenning, for å sjekka om denne var i strid med verneforskrifta for landskapsvernområdet.

Aurland, den 3.12.09

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 2.12.09

Stad: Holo

Sak 26/09. Kommunale retningslinjer for motorisert ferdsle i utmark og på vassdrag - høyringssak

Høyringsbrev frå Aurland kommune låg føre, saman med saksutgreiing.

Følgjande uttale vart samrøystes vedteken:

Den kommunale forskrifta

Fjellstyret har ingen merknader til framlegget om at Vassbygdevatnet vert medteke på lista over vatn der ein har høve til å nytta motor på inntil 10 hk. Fjellstyret har elles eit ynskje om at § 3 i forskrifta vert stroken, og at Katlamagasinet og Vetlebotnvatnet òg vert medtekne på lista i § 2 over vatn der det er høve til å nytta motor, sjølv om begge vatna er mindre enn 2 km². Grunngevinga for dette er at desse vatna er viktige garnfiskevatn i Aurland statsallmenning, der det er ynskjeleg med ei hardare beskatning enn det ein har hatt dei siste åra. Då kan det vera ei god hjelp å få nytta motor, særleg sidan desse vatna ligg ved veg. Fjellstyret ser ikkje at bruk av motor på desse vatna vil utgjera noko vesentleg nytt uromoment for villrein eller anna dyreliv.

Dei kommunale retningslinene

Fjellstyret meiner, ut frå fjelloppsynet sine erfaringar, at innføringa av desse retningslinene i 2004 førde til ein viss nedgang i snøskutertrafikken i fjellet, noko som truleg var ein del av siktemålet ved innføringa av retningslinene. Innføring av ein praksis med kortare tidsrom for dispensasjon og avgrensing av tal turar kan ha vore noko av grunnen til dette. Alt i alt meiner fjellstyret at retningslinene fungerer bra i den forma dei har, likeeins kommunen si praktisering av desse m.o.t. dispensasjonspraksis.

Aurland, den 3.12.09

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene, Aurland folkebibliotek,
Aurland kommune.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 2.12.09

Stad: Holo

Sak 27/09. Praksis omkring fellingsløyva for simle/ungdyr og kalv i Aurland statsallmenning

Saksutgreiing låg føre, vedlagt brev frå Øyvind Øyum.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret ynskjer å gjennomføra ei høyring, før saka vert teken opp til endeleg handsaming i fjellstyret. Det kan vera aktuelt å lufta spørsmålet i "Aurlendingen" for å få inn synspunkt frå jegerane. Grunneigarlaget for villreinvald bør få saka til uttale, i tillegg til jakt- og fiskelaget.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret vurderer å endra praksisen for tildelinga for fellingsløyva slik at kalvekorta vert tildelte for seg, ikkje saman med simlekorta som i dag. Det er ynskjeleg å få inn synspunkt på dette frå jegerane i Aurland, grunneigarlaget for villreinvald og Aurland jakt-og fiskelag før endeleg vedtak vert gjort.

Sak 28/09. Fjellstyrebudsjettet for 2010

Det låg føre budsjettframlegg med kommentarar.

Handsaming i møtet:

Fjellstyret meinte at møteutgiftene vil bli noko større enn det som var førslege i budsjettframlegget, sidan 2010 er eit år med landsmøte i fjellstyresambandet. Posten vert auka med kr. 5000,-.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyrebudsjettet vert godkjent slik det ligg føre, med unntak av post 7010 *Møte/kurs/reiser*, som vert auka med kr. 5000,- til kr.30.000,-. Det vert budsjettert med eit årsunderskot på kr. 24.900,- for 2010.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 2.12.09

Stad: Holo

Sak 29/09. Val av revisor for fjellstyret

Det låg føre brev frå reg. revisor Steinar Loven om avvikling av revisjonsselskapet.

Samrøystes vedtak:

Som ny revisor for fjellstyret vert Ernst & Young v/Atle Terum vald.

Aurland, den 3.12.09

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene, Aurland folkebibliotek,